



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 22.11.2016

Sak nr.: 16/527-15

Internt l.nr.: 39990/16

Sak: 49/16

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 22. november 2016**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
 1. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Deloitte orienterte om framdrifta i prosjektet. Det har vore utfordringar med å få inn svar frå kommunane, men rapporten er no klar til å bli sendt til verifisering 1. desember. Rapport skal verte ferdig innan 24. januar 2017. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Plan for finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Marianne Vara orienterte kontrollutvalet om plan for finansiell revisjon. I orienteringa kom revisor inn på kva som vert gjort i den finansielle revisjon, og kva utvalet kan bestille som ekstraleveransar. Dette resulterte i følgjande vedtak

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering ang. utvikling av sjukefråvær og fylkeskommunen sitt system/rutinar for oppfølging.*
2. *Kontrollutvalet bestiller stikkprøvekontroll av innkjøp i forhold til Lov om offentlege anskaffingar.*

3. Felles nasjonalt tilsyn 2014 – 2017; notat frå Fylkesdirektøren for opplæring til hovudutvalet for opplæring

Notatet og orienteringa frå assisterande fylkesdirektør for opplæring vart teken til vitande.

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

1. *Kontrollsjef orienterte om representantskapsmøte i SF revisjon 21. oktober.*
2. *Utvalet fekk informasjon om kontrollutvalskonferansen 1. – 2. februar 2017. Utvalsmedlemmane sender tilbakemelding til kontrollsjef om deltaking på denne konferansen evt. FKT sin fagkonferanse 7. – 8. juni.*
3. *Leiar i utvalet og kontrollsjef orienterte utvalet etter deltaking på kurs om nytt regelverk for Lov om offentlege anskaffingar.*
4. *Leiar i utvalet orienterte om generalforsamling i F1 Holding 11. november.*
5. *Leiar i utvalet tok opp «Eigarskapsak SFE AS». Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert om det som skjer i saka.*

6. Leiar i utvalet får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å vurdere neste forvaltningsrevisjonsprosjekt som skal bestillast.
7. Leiar i utvalet orienterte om personalmessig ansvar og oppgåver som ligg til utvalet.

Orienteringane vart tekne til vitande.